

Årsmelding for 2022

Styret

Vik Turlag



Kirsten Asheim	- Leiar
Evi-Katrine S Lidal	- Nestleiar
Karen Weichert	- Skrivar
Anne Line Bjørnestad	- Styremedlem
Brita Helleland	- Styremedlem
Hilde-Gunn Hellen	- 1. vara
Ottar Wiik	- 2. vara

Rekneskap: Vik Rekneskap v/ Kjell Egil Hopperstad

Revisor: Arne Skeie, vara: Gyda Bøtun

Valnemd Ann Cecilie Rinde (leiar), Øydis Bøtun og Nils Ove Fosse

Leiar Barnas turlag: Anette Rinde Fosse og Brita Helleland

DNT-UNG-gruppa : Eirik Langeland Tistel (leiar), Jonas Langeland Tistel, Viljar Vikøren Vikestad og Sigrid Melheim. Vaksenkontakt: Jens A. Melheim

Onsdagsturgruppa: Astrid Drægni (leiar) Aud Bell Hove, Reidun Flatland, Hildur Turvoll

Hyttegruppa Nils Gunnar Finne (leiar), Kari Vold Olsen, Halvor Flatland

HS Målsethytta: Hanne C. Finne (leiar), Nils Gunnar Finne, Vidar Fosse, Darek Hauderowicz

HS Jashaugbu: Siv Settevik (leiar), Nils Georg Settevik og Gry Settevik Skogheim

HS Sylvarnes: Karen Weichert (leiar), Harald Hanekam, Hanne Finne

Sti- og merkegruppe: Karen Weichert (leiar), Anne Marie Bøtun Øyri, Nils Gunnar Finne

Aktivitetar til styret

Det blei halde totalt 10 styremøte. Karen Weichert og Kirsten Asheim representerte Vik Turlag på årsmøtet i Sogn og Fjordane Turlag (SFT) på Skei i januar 2022. Fellesmøtet for alle lokallaga i Sogn og Fjordane var i år i Vik, 22. og 23.oktober. På dette møte var me godt representert: Kirsten, Brita, Anne Line, Jon Arne Kvåle, Kari Vold Olsen og Eirik Langeland Tistel.

Karen representerte styret i SFT.

Våre medlemmer som har verv i Sogn og Fjordane Turlag

Karen Weichert – styremedlem

Jon Arne Kvåle – medlem i Kurs- og Fjellsport

Førstehjelpskurs

I år prioriterte me førstehjelpskurs for alle turleiarane. Me leigde Vik Røde Kors og 15 turleiarar og andre friville fekk god innføring i førstehjelp.

Turleiararsamling på Skei i regi av SFT

Der møtte Kirsten Asheim, Hanne og Nils Gunnar Finne. Me hadde ikkje turleiararsamling i Vik, då me prioriterte førstehjelpskurs. Turleiarane fekk nytig info tilsendt på epost.

Nye turleiarar

Jon Arne Kvåle og Nils Gunnar Finne har fått innpass i turleiarstigen til DNT. Dei fekk innpass som «grunnleggande turleiar» ut frå lang erfaring. Til saman har VT 8 «grunnleggande turleiarar» og ein sommarturleiar. Me oppfordrar stadig våre medlemmar til å ta kurs.

Sal av turkartet blei som før administrert av Nils Gunnar og Karen. Dei leverer ut kart til verksemdere som sel kartet etter førespurnad og ordnar fakturagrunnlag for Vik Rekneskap. Det er per 31.10. kun 4 stk. turkart igjen på lageret. Det er sett ned ein komite for å jobbe med fornying av turkartet, med forhåpentlegvis ferdigstilling tidleg i 2023. Kommunen er positiv til eit liknande samarbeid som i 2015/2016.

Rekneskap

Laget har hatt samla driftsinntekter på kr 473.251,63. Resultatet er overskot på kr 333.444,10 For detaljar blir det vist til rekneskapen for 2022. Hovudgrunnen til det store overskotet er MVA kompensasjon for Målsethytta på kr 178.546 og kr 50.000 frå Olav Thon Legat. Når det gjeld vanleg drift så er leigeinntektene på hyttene dobla frå i fjer, unntaket er Jashaugbu. Inntekt frå DNT ca kr 90.000. I 2023 er det planlagt å skifte tak på Skulehuset på Sylvarnes. Dette vil nok merkast på resultatet vårt, sjølv med mykje tilskot og dugnad.

Undergrupper

Barnas Turlag (BT)

Dei sju postkassene til Turbotrimmen blei hengt ut rundt i kommunen. Det hang kasse ved Brandholten, Dagsturhytta, Hang, Valanipa, Tenoldsmarka, Synshovden, Øksdalmarka og Odmundshytta i Fresvik. Me delte på ansvaret for kassane, og dei vart hengt ut etter kvart som snøen trakk seg attende. Kassane vart teke ned att etter siste helga i haustferien. Dei som har fleire enn sju turar vil få premie under Nisseturen.

Me arrangerte to KDU-dagar. I februar var me på Kålsete og fekk besøk av Turboreven. Arrangementet var eit samarbeid med skigruppa. Det var både skikarusell og KDU parallelt, noko som var veldig vellukka. I september inviterte me til overnatting på Målsetehytta, men det var berre to som meldte seg på. Derfor avlyste me arrangementet.

I tillegg arrangerte me fellesturar. Målet var å ha aktivitet kvar månad, og det har me klart. I mars var det lommelykttur opp Mulvegen på Stadheim, og i april var det skileik i samband med påskeskirennet på Vikafjellet. Me var på turrebus i Omarstien, Turboreven var med å feira 17. mai og me var på Jonsokfeiring i Kålhagen. I tillegg var me på tur til Ramberastølen, og i august gjekk me til Lars Ola vatnet. I oktober var me på gardsbesøk på Brekke gard, og i november vert det ny reflekstur inn mot Klyv. Året vert avslutta med nissetur ved Nyastøl-slik som i fjer.

Brita Helleland har søkt om midlar til å laga leikeplass i Steinsskogen. Det er løyvd kr 85 000 til prosjektet. Det er lagt ned om lag 100 timer dugnadsarbeid i området allereie. Det er enno ikkje gjort innkjøp av leikeapparat eller liknande.

Det er knytt kontakt med Vik jakt og fiskelag, og me håpar å få til fellesarrangement med dei i året som kjem. Me håpar også å vidareutvikla samarbeidet med Vik køyre- og rideklubb.

For styret i Barnas turlag, Brita Helleland

UNG-gruppa

I år har DNT-ung gruppa i Vik søkt, og fått, midlar hjå Sogn Sparebank til å kjøpe inn fire stk skredsøkarar (sendar/motakar) Eirik Langeland Tistel har desse på lager om nokon ønsker å låne desse. I år har DNT ung gruppa i Vik ikkje hatt nokre store arrangement. Når timefordeling av Blixhalli kjem vil me i starte oppatt klatring slik som i 2021.

Medlemmer i DNT-ung eller turlaget kan ta kontakt med Eirik på tlf : 949 79 192. Om dei ønsker meir informasjon om klatringa.

For DNT-ung Vik Eirik L.Tistel

Onsdagsturgruppa

Første turen var 4.mai og siste var 31.august. Tilsaman var det 14 turar og 102 deltagarar som var med på onsdagsturane i år. Det var ein stor nedgang frå det som har vore før om åra. Vanskeleg å sei kva grunnen kan vera, men vi hadde ein svært dårlig sommar værmessig. Kanskje vi i nemnda er for lite kreative i å velja turar som fengjer, og vi er glade for alle innspel om nye turar. Vi har alltid hatt ein tur i Fjorden men den vart dessverre avlyst i år og det skuldast vegstenjinga. Håpar på at fleire vil vera med oss på onsdagsturane 2023.

Astrid, avtroppende leiar i nemnda.

Hyttegruppa

Den viktige avtalen med Vik kommune om drift av Skulehuset på Sylvarnes vart underskriven i fjor (2021). Det tok lang tid med tanke på å få avtalen tinglyst, detaljar måtte justerast osv., men no i oktober er alt på plass, og avtalen kunne brukast med tanke på søknader om spelemidlar osv. Ein viktig del av arbeidet til Hyttegruppa har vore søknader om midlar til Skulehuset, med tanke på rehabilitering av tak, skorstein, osv. sommaren 2023. Kari Voll Olsen har utført det meste her.

Utbetaling av momskompensasjon for storarbeidet som vart utført på Målsethytta for 2-3 år sidan vart utbetalt nyleg, kr 178.000,-

Me stod også for søknad om støtte til utbetring av stien Nese – Otterskred i Arnafjorden. Her har me fått 50.000,- frå Olav Thon DNT-fond. Arbeidet vert sett i gang i desse dagar, saman med grunneigar og bygdalaget i Arnafjorden.

Fornya avtale med idrettslaget Modig i Fresvik om Jashaugbu er ikkje underskriven. Ventar på tilbakemelding frå Modig.

Nils Gunnar Finne

Sti- og merkegruppa

Gruppa hadde eitt møte i 2022, resten av kommunikasjonen gjekk på e-post. Gruppa reviderte rutedelen i Vik turlag sin hytte- og rutestategien. Sti- og merkegruppa er framleis ikkje i mål med å fornye fadderordningane for turstiane i kommunen som er skilta etter nasjonal standard. Det manglar framleis avtalane for stiane i Arnafjord, for Vangsnes-Kallbakk og avstikken til Kvitenjuk. Det blei merka opp att ruteavsnitta Dalbotn-Kålsete, Målsete-Flatfjellet, Buforevatnet-Hestavatnet og delar av Tenål-Varpet.

Vik Turlag inngjekk skriftleg avtale med Vik Kommune om ansvaret for stien til dagsturhytta. Stien inngår no i turlaget sine rutekilometer med merka sti og kan T-merkast. Det har vore utført ein god del vedlikehaldstiltak på stien i sommar for å betre partiar der det var mykje vatn. Takk til Ottar og Nils Gunnar!

Karen Weichert

Medlemstal

Me har i 2022 hatt ein liten nedgang i medlemmar, frå 187 til 184

Alderssamansetting på medlemmane er slik pr 15.11.2022 (2021 i parentes)

1-13 år:	43	(41)
14-26 år:	28	(27)
27-49 år:	42	(41)
50-66 år:	45	(48)
67-84 år:	26	(30)

Vik Turlag har i år gjeve ut sin vanlege informasjonsfaldar. Det blei laga plakat for onsdagsturane og dei fleste søndagsturane. Turane blei generelt annonsera på nettsida og facebooksida til VT. Me har også vore flinke å legge ut bilet og turbeskriving i ettertid, både på nettsida og facebook.

Søndagsturane var i tillegg med i Sogn og Fjordane turlag sitt turprogram som kom i alle postkassane. Dårleg ver gjorde at 4 turar vart avlyste.

Turar og turpostar

	Turar		deltaking		2021	2022
	2021	2022	2021	2022		
Barnas Turlag	6	8	71	310	16 %	53 %
Onsdagsturar	17	14	154	102	35 %	17 %
Kom-deg-ut-dagar	2	1	93	76	21 %	23 %
Opptur 8.klasse	1	1	29	26	7 %	4 %
Søndags- og helgeturar	8	6	97	74	22 %	13 %
Totalt gjennomført			444	588	100 %	100 %
Avlyste	1	4				

Det er gledeleg å sjå at deltakinga på Barnas Turlag sine fellesturar er meir enn fir-dobla. Dette er veldig positivt og styret set pris på kreativteten.

Opptur for 8.klasse

Vik Turlag inviterte også i år 8.klassane i kommunen til Opptur. I år var Opptur på Limmesand, Alle gjekk til Vetlestølen på stølsvegen til Nygot, der det var naturquiz og frileik. Pølsegrillinga var ved sjøen. Svært vellukka arrangement som Nils Kvamme har all æra for. Turlager betalte buss og pølse og flott premie til ein heldig. Premien var opphold på Base Camp på Tungestølen for to personar. Verdi kr 4.000.

Digitale turpostar

Sogn og Fjordane turlag (SFT) hadde i 2022 eit prosjekt om opprydning i digitale turpostar som no er flytta frå DNTSjekkut til UT.no. Sidan krava til informasjon om postane har endra seg, måtte vi avpublisere mange av postane, og det er no berre 15 av 44 som er publiserte. Det må gjerast ein jobb med å oppdatere informasjon om postane som per i dag er avpubliserte. Karen tok i 2022 over som Vik turlag sin kontakt for UT.no.

Digitale turpostar med tal innsjekk på UT.no frå 30.10.2021 til 30.10.2022:

Brandholten	3	Halldorslifossen	1	Løa ved Gunnarsetestien	12
Breiddalsvatnet	0	Håaklukjen	0	Målsethytta	4
Daurmålshaugen	19	Holten	0	Ramnaberg	0
Gamle skulehuset på Sylvarnes	3	Jashaugbu	0	Soleisete	1
Gunnarsete	16	Kvitjenjuk	4	Synshovden	8
				Innsjekk totalt	71

Fysiske kasser:

Valanipa 375 besøk i 2022 mot 565 i 2021

Gunnarsete 66 besøk i 2022 mot 174 i 2021.

Ein god del av dei som har skrive seg i boka på Gunnarsete er utanlandske Stien til Gunnarsete er mykje brukt, så dei fleste skriv seg nok ikkje i boka.

Turbotrimmen – turpostar for barn

Dagsturhytta	458	Øksdal	17
Brandholten	310	Hang	205
Synshovden	260	Valanipa	238
Nyteigen	304	Totalt	1792

Hytter

Målsethytta

Det har ikkje vore so stor aktivitet på dugnadsfronten dette året heller, satser på meir dugnad neste år. Me har hatt service på den elektriske doen i hovedhytta av John Ronny Hove, delene vart bestilt gjennom Geithus VVS.

Me har skifta askerista i ovnen i hovedhytta, og skifta ovnsglasset i ovnen i Vetlehytta. Har satt opp og tatt ned gjerdet rundt Vetlehytta. Satt opp grind ved inngangspartiet til Målsethytta. Det er skifta sengetøy i begge hyttene. Me har kjøpt inn nytt sengetøy frå DNT, og har kassert ein del av det gamle, ASVO har fått det til filleryer etc. ASVO har stått for vaskinga.

Det er utført arbeid med å forbedre grunnmuren på hovedhytta, dette vart gjort i september, arbeidet vart gjort uoppfordra og utan betaling av Vik Byggservice, ved Gregorz Sawczuk.

Me har vore på tilsyn minimum 4 gonger i måneden i sommerhalvåret, i vinterhalvåret litt færre, ca. 1 gong i måneden. Me har kjørt opp 37 sekker med ved no i haust.

Besøket på hyttene har vore ganske bra. I påsken var ungdomsgruppa frå Storeteit menighet på plass igjen, dei var ca 30 ungdomar som var der i 10 dagar.

Totalt har me hatt 478 overnattingsdøgn det siste året. (228 i 2021) Det har vore folk frå: Norge, England, Tyskland, Spania, Bulgaria, Tsjekkia, Belgia og USA

Hyttestyret for Målsethytta

Jashaugbu

Normal aktivitet med tilsyn av hytta og påfyll gass, ved osv.

Sjølv etter korona har me fortsett med å ta imot booking. Greit å ha denne kontrollen både for betalinga sin del og det virkar som at dei som leiger hytta tykkjer det er fint å vite om ein har hytta for seg sjølv. Bookinga har stort sett gått via mail, i perioden mai til september er det ein del å holde styr på. 61 overnattingar frå 15/2 - 16/9 2022. (mot 164 i perioden 14/1-16/10 2021)

Tilsynsnemda v/ Siv Settevik

Sylvarnes

Hytta Sylvarnes hadde eit godt besøksår, med 120 overnattingsbesøk. Etter to år med krav om booking under korona, var det ikkje krav om booking i år, slik at ting fungerte som før. Den nye utedoen fekk gode tilbakemeldingar. Det blei gjennomført ein vårdugnad i huset, der heile huset blei vaska og det blei snikra ein mellombels trekasse over WC'en inne i huset som no er stengt ned for godt. Det blei kjøpt nye laken og nytt sengetøy til alle senger. Hyttestyret har hatt eit fysisk møte. Resten av kommunikasjonen gjekk på telefon og e-post. Hyttestyret jobba i lag med hyttegruppa med planlegging, prosjektering og finansiering av nytt hustak. Det gamle skiftertaket skal takast vare på. Det har vore godt samarbeid med dei fastbuande på Sylvarnes. Borghild og Reidar Hjortland har tilsyn med huset, og Magne Sylvarnes hjelpar alltid til når tunge ting skal fraktast opp frå kaia til huset. Harald Hanekam har forsynt skulehuset med ved. Takk for året 2022!

Karen Weichert

Ymse

Nils Gunnar Finne har i 2022 skrive boka «Opptur Vik» Her er Vik Turlag godt presentert og me håper mange vil få augene opp for alle fine turar i Vik og at dette vil føre til fleire medlemmer i Vik Turlag.

Utstyr

Vik Turlag har til utlån til medlemmane: ein kano, 6 par truger og 4 skredsøkarar (nytt i år)

Lagerplass Vik Turlag har lagerplass i kjellaren under Vik Tannlegesenter. Nøkkelen er deponert i eit nøkkelskap med kodelås ved inngangen.

Sponsor

Vik IT-Partnar vart Vik Turlag sin sponsor i 2020 og har logoen sin på nettsida vår.

Vik Turlag kan skrive ut plakatar og andre dokument gratis.

Tusen takk til alle som har bidrige til aktiviteten og dugnadane i år!

Vik, 20.11.2022

Kirsten Asheim - leiar -